# Os sokneråd/kyrkjelege fellesråd

- Avsender: Os sokneråd/kyrkjelege fellesråd
- Høringsinstans: Kirkelig fellesråd og menighetsråd med fellesrådsfunksjoner
- Ønsker å ta stilling til høringen: **JA**

## Avgitte svar

### Lovens formål og medlemskapsspørsmål

#### 1. Dagens tre lover erstattes av én felles lov om tros- og livssynssamfunn

jf. kap. 6, 8, 18 og § 1 i høringsnotatet (åpnes i nytt vindu)

---

| Velg et alternativ | Hvor viktig er dette? | Eventuell kommentar |
|---|---|---|
| (x) Enig<br>( ) Uenig | ( ) Viktig<br>(x) Ikke viktig<br>( ) Ingen oppfatning | *Om DnK får eiga lov eller får eige kapittel i ei felles lov er ikkje avgjerande.* |

#### 2. Lovens formål skal være å understøtte tros- og livssynssamfunnene

jf. kap. 7 og § 1 i høringsnotatet (åpnes i nytt vindu)

---

| Velg et alternativ | Hvor viktig er dette? | Eventuell kommentar |
|---|---|---|
| (x) Enig<br>( ) Uenig | (x) Viktig<br>( ) Ikke viktig<br>( ) Ingen oppfatning | |

#### 3. Loven skal definere tros- og livssynssamfunn som "sammenslutninger for felles utøvelse av en religiøs tro eller et sekulært livssyn"

jf. kap. 7 og § 1 i høringsnotatet (åpnes i nytt vindu)

---

| Velg et alternativ | Hvor viktig er dette? | Eventuell kommentar |
|---|---|---|
| (x) Enig<br>( ) Uenig | (x) Viktig<br>( ) Ikke viktig<br>( ) Ingen oppfatning | |

#### 4. Den gjeldende lovregulerte ordningen om barns tilhørighet til tros- og livssynssamfunn oppheves

jf. kap. 18 og §§ 2 og 3 (lenkene åpnes i nytt vindu)

---

| Velg et alternativ | Hvor viktig er dette? | Eventuell kommentar |
|---|---|---|
| ○ Enig<br>◉ Uenig | ◉ Viktig<br>○ Ikke viktig<br>○ Ingen oppfatning | *For mange trussamfunn er borna viktige deltakarar, men ikkje alltid offisielle medlemmer. Det er riktig å understøtte dette. Dette er spesielt viktig for kyrkjesamfunn som døyper born.* |

## Registrering og tilskudd

### 5. Det settes som krav for registrering av tros- og livssynssamfunn at samfunnet må ha mer enn 500 medlemmer som har fylt 15 år

jf. kap. 7 og § 3 (lenken åpnes i nytt vindu)

| Velg et alternativ | Hvor viktig er dette? | Eventuell kommentar |
|---|---|---|
| ○ Enig<br>◉ Uenig | ◉ Viktig<br>○ Ikke viktig<br>○ Ingen oppfatning | *Os sokneråd støtter framlegget Stålsettutvalet gjorde om minimum 100 medlemmer. Krav om 500 synast å vere altfor høgt.* |

### 6. Lovens antallskrav kan oppfylles ved at likeartede samfunn søker om å bli registrert i fellesskap

jf. kap. 7 og § 3 (lenken åpnes i nytt vindu)

| Velg et alternativ | Hvor viktig er dette? | Eventuell kommentar |
|---|---|---|
| ◉ Enig<br>○ Uenig | ◉ Viktig<br>○ Ikke viktig<br>○ Ingen oppfatning | *Dette er ein mogeleg løysing for nokre, men kvart samfunn må kjenne seg trygg på at dette ikkje går ut over deira integritet som samfunn.* |

### 7. Det gis hjemmel i loven for at antallskravet kan fravikes i helt særlige tilfeller

jf. kap 7 og § 3 (lenken åpnes i nytt vindu)

| Velg et alternativ | Hvor viktig er dette? | Eventuell kommentar |
|---|---|---|
| ◉ Enig<br>○ Uenig | ◉ Viktig<br>○ Ikke viktig<br>○ Ingen oppfatning | |

### 8. Et samfunn må være registrert for å ha krav på tilskudd og for å kunne tildeles vigselsrett, jf. kap. 7 og 19 og §§ 3 og 4 og forslag til endring i ekteskapsloven § 12 første ledd.

jf. kap. 7 og 19 og §§ 3 og 4

forslag til endring i ekteskapsloven § 12 første ledd (lenkene åpnes i nytt vindu)

---

**Velg et alternativ**

(x) Enig
( ) Uenig

**Hvor viktig er dette?**

(x) Viktig
( ) Ikke viktig
( ) Ingen oppfatning

**Eventuell kommentar**

**9. Staten skal overta kommunenes finansieringsansvar for tilskudd til tros- og livssynssamfunn utenom Den norske kirke**

jf. kap. 13 og § 4 (lenken åpnes i nytt vindu)

---

**Velg et alternativ**

(x) Enig
( ) Uenig

**Hvor viktig er dette?**

( ) Viktig
(x) Ikke viktig
( ) Ingen oppfatning

**Eventuell kommentar**

*Eit statleg ansvar vil venteleg sikre like berekningar og meir forutseieleg inntekt for aktuelle mottakarar*

**10. Tilskudd til tros- og livssynssamfunn utenom Den norske kirke skal beregnes etter antallet medlemmer i samfunnet over 15 år**

jf. kap. 14 og § 4 (lenken åpnes i nytt vindu)

---

**Velg et alternativ**

( ) Enig
(x) Uenig

**Hvor viktig er dette?**

(x) Viktig
( ) Ikke viktig
( ) Ingen oppfatning

**Eventuell kommentar**

*For mange trussamfunn er borna viktige deltakarar, sjølv om dei ikkje er offisielle medlemmer. Det er riktig å understøtte dette, særleg for samfunn som praktiserer bornedåp.*

**11. Satsen for tilskudd per medlem i tros- og livssynssamfunn utenom Den norske kirke skal reguleres årlig i samsvar med endringene i statens tilskudd til Den norske kirke**

jf. kap. 14 og § 4 (lenken åpnes i nytt vindu)

---

**Velg et alternativ**

(x) Enig
( ) Uenig

**Hvor viktig er dette?**

(x) Viktig
( ) Ikke viktig
( ) Ingen oppfatning

**Eventuell kommentar**

**12. Tilskudd til investeringer av Den norske kirkes kirkebygg fra før 1900 skal ikke inngå i reguleringsgrunnlaget for tilskudd til andre tros- og livssynssamfunn**

jf. kap. 14 og § 4 (lenken åpnes i nytt vindu)

---

| Velg et alternativ | Hvor viktig er dette? | Eventuell kommentar |
| --- | --- | --- |
| (●) Enig<br>( ) Uenig | (●) Viktig<br>( ) Ikke viktig<br>( ) Ingen oppfatning | *DnK har store utgifter med ivaretaking av gamle kyrkje- (kultur-)bygg, også bygg frå etter 1900. Nokre trudomssamfunn har tilsvarande utgifter som også bør få kompensert denne meirkostnad.* |

**13. Tilskudd til oppgaver Den norske kirke utfører på vegne av det offentlige skal ikke inngå i reguleringsgrunnlaget for tilskudd til andre tros- og livssynssamfunn**

jf. kap. 14 og § 4 (lenken åpnes i nytt vindu)

| Velg et alternativ | Hvor viktig er dette? | Eventuell kommentar |
| --- | --- | --- |
| (●) Enig<br>( ) Uenig | (●) Viktig<br>( ) Ikke viktig<br>( ) Ingen oppfatning | *Evt andre trudomsamfunn enn DnK med tilsvarande oppgåver bør vurderes likt.* |

**14. Tilskudd til utgifter som følger av Den norske kirkes særlige stilling skal ikke inngå i reguleringsgrunnlaget for tilskudd til andre tros- og livssynssamfunn**

jf. kap. 14 og § 4 (lenken åpnes i nytt vindu)

| Velg et alternativ | Hvor viktig er dette? | Eventuell kommentar |
| --- | --- | --- |
| (●) Enig<br>( ) Uenig | (●) Viktig<br>( ) Ikke viktig<br>( ) Ingen oppfatning | |

**15. Samfunn skal kunne nektes tilskudd dersom de mottar bidrag fra stater som ikke respekterer retten til tros- og livssynsfrihet**

jf. kap. 15 og § 6 (lenken åpnes i nytt vindu)

| Velg et alternativ | Hvor viktig er dette? | Eventuell kommentar |
| --- | --- | --- |
| (●) Enig<br>( ) Uenig | (●) Viktig<br>( ) Ikke viktig<br>( ) Ingen oppfatning | *Her treng ein gjere ei nærare utgreiing om korleis slike spørsmål skal vurderast.* |

**16. Det skal overlates til fylkesmannen å treffe vedtak om registrering og tilskudd etter loven og å føre tilsyn med virksomheten**

jf. kap. 17 og § 7 (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- (●) Enig
- ( ) Uenig

Hvor viktig er dette?

- ( ) Viktig
- (●) Ikke viktig
- ( ) Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

**17. Fylkesmannens myndighet etter loven skal kunne ivaretas av ett fylkesmannsembete**

jf. kap. 17 og § 7 (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- (●) Enig
- ( ) Uenig

Hvor viktig er dette?

- ( ) Viktig
- (●) Ikke viktig
- ( ) Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

## Den norske kirke

**18. Særskilte bestemmelser som kun retter seg mot Den norske kirke (kirkelig rammelov) skal gis i et eget kapittel i den nye trossamfunnsloven**

jf. kap. 8 og §§ 8 – 16 (lenkene åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- (●) Enig
- ( ) Uenig

Hvor viktig er dette?

- (●) Viktig
- ( ) Ikke viktig
- ( ) Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

*Enten må vi ha en egen lov for DnK eller vi må ha et eget kapittel i loven.*

**19. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette nærmere bestemmelser om kirkens organisering, kirkelig inndeling, kirkelige organer og valg til disse**

jf. kap. 8 og §§ 10 og 11 (lenkene åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ( ) Enig
- (●) Uenig

Hvor viktig er dette?

- (●) Viktig
- ( ) Ikke viktig
- ( ) Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

*Prinsipielt er det rett at kyrkja sjølve v/ kyrkjemøte fastset framtidig organisering av DnK, inkludert prestetenesta som ikkje treng regulering i lovtekst. Korleis kyrkjemøte skal setjast saman og prosess omkring dette bør utgreiast nærare slik at grunneininga soknet kjenner seg ivaretatt i kyrkjemøtet. Det er naudsynt at kommunen har eit formelt organ som ein skal ha kontakt med omkring kyrkjelege spørsmål; tilsvarande kyrkjeleg*

*fellesråd/kyrkjestyre.*

**20. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette bestemmelser om kirkebygg**

jf. kap. 8 og § 13 (lenken åpnes i nytt vindu)

**Velg et alternativ**

(●) Enig
( ) Uenig

**Hvor viktig er dette?**

(●) Viktig
( ) Ikke viktig
( ) Ingen oppfatning

**Eventuell kommentar**

*Soknet som kyrkjeeigar må ha forvaltingsansvar for eigne bygg.*

**21. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette bestemmelser om, og med hvilke unntak og særregler, forvaltningsloven, offentlighetsloven og arkivloven skal gjelde for kirken**

jf. kap. 8 og § 16 (lenken åpnes i nytt vindu)

**Velg et alternativ**

( ) Enig
(●) Uenig

**Hvor viktig er dette?**

(●) Viktig
( ) Ikke viktig
( ) Ingen oppfatning

**Eventuell kommentar**

*For gravplass-forvaltinga må loven definere at forvaltningslov, offentlighetslov og arkivlov skal gjelde. Som open folkekyrkje er det naturleg at desse rammelovene og skal gjelde for den kyrkjelge forvaltinga og.*

**22. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette om medlemmer av kirken skal betale medlemskontingent**

jf. kap. 10 og § 12 (lenken åpnes i nytt vindu)

**Velg et alternativ**

( ) Enig
(●) Uenig

**Hvor viktig er dette?**

(●) Viktig
( ) Ikke viktig
( ) Ingen oppfatning

**Eventuell kommentar**

*Vi ønskjer ei breid folkekyrkje med låg terskel, utan betaling. Ekstrainntekter kan komme av frivillige gåver, ikkje kontingent.*

**23. Bestemmelsene om at soknet og Den norske kirke er selvstendige rettssubjekter skal videreføres**

jf. kap. 8 og § 9 (lenken åpnes i nytt vindu)

**Velg et alternativ**

(●) Enig
( ) Uenig

**Hvor viktig er dette?**

(●) Viktig
( ) Ikke viktig
( ) Ingen oppfatning

**Eventuell kommentar**

*Som rettssubjekt er det både naturleg og naudsynt at det er definert oppgåver og ansvar.*

**24. Mener du at Den norske kirke skal finansieres ved at a) Dagens økonomiske oppgavefordeling mellom staten og kommunene føres videre, eller b) Staten skal overta det ansvaret kommunene i dag har for finansiering av den lokale kirke?**

jf. kap. 9 og § 12 (lenken åpnes i nytt vindu)

| Velg et alternativ | Hvor viktig er dette? | Eventuell kommentar |
|---|---|---|
| (●) a) Dagens økonomiske oppgavefordeling mellom staten og kommunene føres videre.<br>( ) b) Staten skal overta det ansvaret kommunene i dag har for finansiering av den lokale kirke. | (●) Viktig<br>( ) Ikke viktig<br>( ) Ingen oppfatning | *Det nære samarbeid og samhandling mellom kommune og kyrkje ønskjer vi skal vidareførast. Ikkje berre på økonomisk side, men og kyrkja som kulturbyggjar, samfunnbyggjande og støttande gjennom diakoni og som samarbeidspart og gjensidig støtte når ulike kriser rammer nærsamfunnet. Gjeldande representasjon og deltaking i kyrkjeleg styre med kommunal representasjon i kyrkjelege organ bør vidareførast.* |

## Vigselsrett, gravplassdrift og andre spørsmål

**25. Vigselsrett for tros- og livssynssamfunn skal videreføres, jf. kap. 19 og forslag til endringer i ekteskapsloven §§ 12 og 13.**

jf. kap. 19
forslag til endringer i ekteskapsloven §§ 12 og 13 (lenkene åpnes i nytt vindu)

| Velg et alternativ | Hvor viktig er dette? | Eventuell kommentar |
|---|---|---|
| (●) Enig<br>( ) Uenig | (●) Viktig<br>( ) Ikke viktig<br>( ) Ingen oppfatning | |

**26. Den lokale kirkes ansvar for gravplassdrift og –forvaltning skal videreføres som normalordning, jf. kap. 22 og forslag til endringer i gravferdsloven § 23.**

jf. kap. 22
forslag til endringer i gravferdsloven § 23 (lenken åpnes i nytt vindu)

| Velg et alternativ | Hvor viktig er dette? | Eventuell kommentar |
|---|---|---|
| (x) Enig<br>( ) Uenig | (x) Viktig<br>( ) Ikke viktig<br>( ) Ingen oppfatning | *Kyrkja har vore ein god tenesteyter for storsamfunnet og klarer oppgåva godt med å vere tenesteleverandør til ulike trus- og livssynsamfunn. Loven må omtale kva kyrkjelege organ som har gravplassmynde, og såleis gje forvaltinga både legitimitet og naudsynt autoritet.* |

**27. Fylkesmannen skal etter søknad fra kommunen kunne treffe vedtak om overføring av gravplassansvaret til kommunen, jf. kap. 22 og forslag til endringer i gravferdsloven § 23.**

jf. kap. 22
forslag til endringer i gravferdsloven § 23 (lenken åpnes i nytt vindu)

| Velg et alternativ | Hvor viktig er dette? | Eventuell kommentar |
|---|---|---|
| ( ) Enig<br>(x) Uenig | (x) Viktig<br>( ) Ikke viktig<br>( ) Ingen oppfatning | *Det må vere ein prosess som sikrar både kyrkja og kommunen sine rettar og pliktar ved endring av ansvarsmynde. Det må og vere ein ankeinstans som kan vurdere og gjere endeleg vedtak om oppgåveendring mellom kommune og kyrkje.* |

**28. Det ansvaret bispedømmerådet har etter gjeldende gravferdslov, skal overføres til de enkelte fylkesmenn, jf. kap. 22 og forslag til endringer i gravferdsloven §§ 4, 21 og 24**

jf. kap. 22
forslag til endringer i gravferdsloven §§ 4, 21 og 24 (lenkene åpnes i nytt vindu)

| Velg et alternativ | Hvor viktig er dette? | Eventuell kommentar |
|---|---|---|
| (x) Enig<br>( ) Uenig | (x) Viktig<br>( ) Ikke viktig<br>( ) Ingen oppfatning | *Det er viktig at anke-og tilsynsansvaret vert overført til ei instans utanom kyrkja. Denne instans kan med fordel organiserast under eitt fylkemannsembete slik at ein får samla kompetanse og eit tenleg fagleg miljø som kan vere styrkande for gravferdsforvaltinga.* |

# Kommentarer

Generelt Utgreiinga er fyldig og stadfester at tros- og livssynsamfunn har ein viktig plass i samfunnet og vil vere ei viktig ressurs i vidare utvikling av Noreg som land og nasjon. Det er prinsipielt rett at trossamfunn skal sjølve stå for organisering av den kyrkjelege struktur, men når ein vel å definere både soknet og kyrkja sentralt som rettssubjekt, vil det og vere naudsynt og utgreie tilhøve mellom desse og naturleg kva oppgåver som skal ligge til dei ulike rettssubjekt. Vidare er det ikkje avklåra korleis ein skal ivareta rettstryggleik for dei som skal overførast frå tilsettingsforhold i fellesråd (sokneråd for eit-sokn-kommunar) til ny arbeidsgjevar. Vi er kjent med at det er fagleg-juridisk usemje mellom ulike instanser her. Tvilen omkring dette er i seg sjølve grunn til at dette må utgreiast nærare og få naudsynt avklåring. Når soknet skal ha ansvar for gravplassforvaltinga , vil det også trenge eit organ til å ivareta denne funksjonen. Vi gjer derfor framlegg om at desse og fleire tilhøve vert utreda før ein arbeider vidare med lovframlegget. Om Soknet som grunneining i kyrkja Soknet vert omtala som grunneining i kyrkja. Det vil derfor vere naturleg at lova om gjev oppgåver og ansvar for soknet. Forutan ansvar for gudstenester og kyrkjelege handlingar, er det viktig å avklåre ansvar for trosopplæring, diakoni

og kyrkjemusikk. Om gravplass Sjå merknad til pkt 28. Om demokrati Os sokneråd/kyrkjelege fellesråd støtter intensjonen i høyringa om vidareføring med demokratisk leiing i DnK. Det er viktig at DNK sine ombodsmenn/kvinner får dei same rett til fri frå arbeid som elles er vanleg ved deltaking til folkevalde organ. Dette må takast med i lovtekst for å gje naudsynt autoritet. Kommentar til §15 Det er fleire enn prestar som i dag står for konfirmasjon og jordfesting m.m. orda «ved prest» bør derfor strykast frå paragrafen. Sak 030/17 Høyringsfråsegn - tros- og livsynslov Saksvedlegg (uprenta). Høyringsnotat frå kulturdepartemenetet Kulturdepartementet sendte ut til m.a. kyrkjelege fellesråd eit høyringsnotat der ein foreslår ei ny felles lov for alle trus-og livssynssamfunn i Noreg. Gjeldande kyrkjelov skal avløysast av denne lova der DnK får ei «rammelov» i eige kapittel. Høyringsnotatet er på godt over 200 sider og det er krevjande å sette seg inn i alle sider ved notatet. For Os sokneråd/kyrkjestyre, er det primært viktig å gje respons for dei forhold som har innverknad direkte eller indirekte på soknets organisering og oppgåver. I denne samanheng er det og viktig å sjå kyrkja sine tilbod som del av dei totale tilboda og tenestene som rettast til alle innbyggjarane i Os. Det er både medlemmer av DnK, og ikkje-medlemmer, som på ulike måtar tar del dei tilbod kyrkja bidrar med inn i nærsamfunnet Os. Såleis har både lokalkyrkja og kommunen felles oppgåve med å gje ulike tenester til osingane på kvalitativ gode og tenlege måtar. Nettopp dette aspekt; at kommune og kyrkje gjennom «alle» år har hatt eit tett samarbeid, og det er viktig å føre vidare, - og vidareutvikle. Kyrkja som ei brei folkekyrkje vil vere viktig samarbeidspart for kommunen, - samstundes som kommunen og kan ha gode samarbeidsrelasjonar med andre tros- og livssynssamfunn lokalt. Saman vil alle desse vere viktige aktørar i Os-bygda; både med omsyn til kultur, men og som tros- og livssynsamfunn som kan gje fellesskap, støtte og livstolking for osingar. Dette er moment som bør til-leggjast stor vekt. Slik lovforslaget er formulert for DnK så ser ein fort at det er mange spørsmål som ikkje er ferdig utgreidd (t.d. omkring arbeidsgjevarforhold, kyrkjelege strukturar, m.m.) og det vil venteleg tvinge seg fram ytterlegare utgreiingsarbeid før ein kan teikne «kartet» for DnK. DnK må sjølve og gjere eit stort arbeid med å teikne struktur og definere oppgåver. Samstundes har storsamfunnet Noreg behov for avklåring av ansvar og økonomisk styring på det mangfald av tros- og livssynssamfunn som har vekse dei siste 10-åra. Det kan kanskje føre til at lova vil utformast og iverksetjast i ulike fasar for å løyse utfordringane som hastar mest. Når det gjeld dei ulike spørsmål i høyringa. Vert det synt til vedlagte skjema med kommentarar. Forslag til vedtak: Os sokneråd/kyrkjestyre sluttar seg til høyringsfråsegna slik det kjem til uttrykk i saksutgreiing og spørjeskjema med kommentarar. Møtebehandling: Soknerådet drøfta seg gjennom dei ulike spørsmål og gjorde nokre mindre endringar (hovudsakleg språkleg) som vert bearbeidd administrativt. På nokre få spørsmål vart haldning avklåra med avrøysting, men det var overveldande fleirtall for framlegget så alternativa falt. Vedtak: Os sokneråd/kyrkjestyre sluttar seg til høyringsfråsegna slik det kjem til uttrykk i saksutgreiing og spørjeskjema med kommentarar.(jfr notat under møtebehandling).